



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Vurdere oppfølging av melding om forsøpling på gnr. 196 bnr. 4, Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren vart 24. mars 2026 gjort kjent med forhold på gnr. 196 bnr. 4. Saka gjeld eit nydyrkingstiltak som i følge innmeldar har gått føre seg i ni år. Innmeldar meiner området framstår som eit ulovleg deponi og ein driftsbasis for eit anleggssfirma. Det gjekk vidare fram at arealet er prega av:

- mellomlagring av jordmassar, steinmassar, asfaltflak, båtvrak, dekk, sprengmatter, diverse avfall i konteinrar
- dumping av sauetalle, hageavfall og plank
- uavklart aktivitet frå slamsugebil

Innmeldar påpeikar at det manglar framdrift for faktisk landbruksdrift, og at området i staden blir brukt til kommersiell aktivitet og dumping i strid med føremålet for nydyrking.

I februar 2025 sendte vi ein e-post til Kvinnherad kommune om aktivitet på same gnr./bnr. E-posten med vedlegg ligg vedlagt.

Vi ber kommunen vurdere oppfølging av saka

Vi ber kommunen vurdere om aktiviteten på gnr. 196 bnr. 4 er ulovleg avfallshandtering og brot på forureiningslova § 28. Vi ber vidare kommunen vurdere å følge opp saka etter § 37. Kommunen er forureiningsstyresmakt for oppfølging av forsøplingsaker og ulovleg lagring av brukte gjenstandar. De kan gje pålegg om å rydde opp i avfall og liknande, eller utføre opprydding og krevje refusjon for kommunen sine utlegg.

Saksgangen i slike saker vil vere at kommunen tek stilling til klagen og gjer eit vedtak etter forureiningslova om anten å pålegge opprydding eller ikkje. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på.



Vi viser til <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/forsopling/> for informasjon om regelverket og korleis kommunen kan gå fram for å følgje opp saka. Statsforvaltaren kan også gje rettleiing om regelverket.

Vi ber kommunen òg vurdere om saka bør følgast opp etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova og nydyrkingsforskrifta.

Med helsing

Toril M Mullen
seniorrådgjevar

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Oversending til kommunen - februar 2025 - Øvre Tofte - Halsnøy - Kvinnherad

Fra: Berg-Arnesen, Mari Katrine[]
Sendt: 18.02.2025 10:22:00
Til: Synneve Skei[synneve.skei@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: SV: Til orientering

Hei,

Takk for avklaring.

Vedlagt ligg notat om bekymringsmelding på aktivitet på gnr./bnr. 196/4 i Kvinnherad kommune.

Vi ber kommunen vurdere om lagring av rustne fat, oljetønner og asfaltrester, som omtala i notatet, er ulovleg avfallshandtering og brot på forureiningslova § 28, og ev. følge opp saka etter § 37. Kommunen er forureiningsstyresmakt for oppfølging av forsøplingssaker og ulovleg lagring av brukte gjenstandar. Kommunen kan gje pålegg om å rydde opp i avfall og liknande, eller utføre opprydding og krevje refusjon for kommunens utlegg.

Med venleg helsing

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 23 26
E-post: mari.berg-arnesen@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Synneve Skei <synneve.skei@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: tirsdag 18. februar 2025 09:42
Til: Berg-Arnesen, Mari Katrine <mari.berg-arnesen@statsforvalteren.no>
Emne: Til orientering

Hei.

Viser til telefonsamtale med deg i går der du fortalte om ein klage på ein eigedom 196/4 Øvre Tofte på Halsnøy. Du skulle senda meg ein oppsummering av telefonsamtalen frå klagar.

I same samtale med deg spurte eg om du hadde fått inn klage på eit politisk vedtak som vart vedteke i forvaltningsutvalet her i kommunen, den 29.01.2025. Dette er sak om steinknusing på Børneset, 134/85.

For å retta opp i det eg sa. Denne klaga skal først verta behandla politisk før den eventuelt vert sendt til Statsforvaltaren. Fører ikkje klaga fram til fordel for klagar vil den koma til dykk. Så førebels kan du ikkje forventa å få saka til behandling.

Med helsing
Synneve Skei | miljøkonsulent – Avdeling byggesak og geodata
Mobil: +47 90146818

www.kvinnherad.kommune.no |



KVINNHERAD
KOMMUNE

Tenk miljø før du skriv ut!

NOTAT – Bekymringsmelding – Gnr./bnr. 196/4, Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren i Vestland fekk måndag 17. februar 2025 ein bekymringsmelding knytt til arbeid og lagring av avfall på bnr./bnr. 196/4 i Kvinnherad kommune. I følgje klagar har det vore mykje aktivitet på området dei siste 14 dagane, hovudsakeleg sein ettermiddag og kveld. I følgje bekymringsmeldinga vert det lagra rustne fat, oljetønner og asfaltrester på området. Det vart og sagt at det vert lagra maskinar, og haugar med sand og skjelsand for sal, og området ber preg av å vere eit industriområde.

Kvinnherad kommune ga løyve til nydyrking på myr i området i 12.05.2017, eit løyve som vart trekt 04.12.2020. Vedtak om trekking vart klaga inn til Statsforvaltaren, og deler av klagen vart tatt til følgje i vedtak datert 28.09.2021 vedtok at deler av klagen vart tatt til følgje. Dokumenta ligg i vår sak med nummer 2020/18899.